



Lærdal, 18.12.2019

Valdansvarlege, jegerar og grunneigarar

Vår ref.  
19/30-37

Dykkar ref.

Sakshandsamar  
Knut Fredrik Øi,

Arkiv  
K2 - K40

## Januarjakt på hjort og elg i Lærdal kommune

Som eit ledd i kommunanes arbeid med å tilretteleggja for auka felling, har alle dei 15 kommunane som omkrinsar Nordfjella søkt om ei utvida jakttid på hjort og elg. Denne er no vedteke av Miljødirektoratet og ny jaktidsramme er difor frå 15. august og til 31. januar. Dette gjeld til og med januar 2022. Det er ikkje høve til å driva jakt på hjort og elg i perioden 24. desember – 31. desember.

Lærdal bestandsplanområde og kommunal viltforvaltar har i desember sett på dei førebelse fellingsresultata som ligg på rundt 300 felte hjort. Me forventar dermed å kunne nå årets målsetjing om 350-400 felte hjort i Lærdal denne sesongen.

**Me ønsker difor på det sterkaste å oppmoda om at jegerar og grunneigarar i Lærdal kommune kun nyttar moglegheiten til jakt i januar til å fella morlause kalvar og individ som er til fare for trafikk eller landbruksinteresser.**

Me minner samstundes om at det er jegers ansvar å ha avtale på godkjend ettersøkshund under jakt på hjort og elg også i januar. Det er i den utvida jakttida (15. august-31. august og i januar) ikkje lov å nytta laus hund.

### Rapportering

Valdansvarleg skal rapportera fellingsresultatet seinast 14 dagar etter endt jakt. Det vil seia at fristen no er 14. februar. Rapporteringa skal skje ved at løyvet som vart sendt ut frå kommunen, fyllast ut og returnerast. De kan godt fylla ut og senda til underteikna på e-post [knut.fredrik.oei@laerdal.kommune.no](mailto:knut.fredrik.oei@laerdal.kommune.no) Hugs også at all jakting skal registrerast på [www.hjorteviltregisteret.no](http://www.hjorteviltregisteret.no), ikkje minst dei turane kor de ikkje såg eller felte dyr.

Med helsing

Styret i Lærdal bestandsplanområde for hjort  
og  
Knut Fredrik Øi, kommunal viltforvaltar